

TVERRFAGLEG KURS I GRAMMATIKK

© Volda vidaregåande skule

norsk

engelsk

tysk

fransk

spansk

Eleven sitt namn

TIL ELEVEN OG LÆRAREN

Kva handlar dette heftet om?

Ein grammatikk beskriv eit språkssystem og viser altså korleis eit språk er bygt opp. Denne grammatikken er tverrfagleg og samanliknande. Det betyr at han beskriv og samanliknar fleire språk. Vi går ikkje inn på alle delane av språket, for dette er ein elementær elevgrammatikk. Her lærer du om ordklassene i norsk, engelsk, tysk, fransk og spansk. Du får berre basiskunnskap. Vi drøftar ikkje detaljar i kvart språk. Du lærer også å analysere setningar, og du skal få elementær kunnskap om ordstilling og setningstypar.

Kvifor skal vi lære grammatikk?

Heldigvis er vi fødte som språklege geni slik at vi lærer morsmålet vårt på nokre få år utan å ha ein einaste grammatikktime. Slik er det dessverre ikkje når vi blir eldre. Dei fleste av oss må arbeide hardt og målmedvite for å lære eit nytt språk skikkeleg. Grammatikk er eit språk om språk. Vi ville finne det merkeleg om ein bilmekanikar ikkje hadde eit språk for å snakke om motorar. Like nødvendig er det at ein språkstudent har eit språk om språk. Grammatikken er altså eit fagspråk, og eitt av måla er at du skal bli stø i å bruke slike språklege merkelappar. Tydelegast vil du merke dette når du lærer framandspråk. Du greier ikkje å få oversikt over systemet og detaljane utan å kunne grammatikk. I morsmålet har vi og bruk for grammatikk når vi skal finpusse den skriftlege varianten. Dersom vi skal beskrive gode og dårlege setningar, treng vi ein reiskap. Det same er nødvendig når vi skal få innsikt i kva som er korrekt bøyning. Vi treng slettes ikkje så lite grammatikkunnskap når vi skal lese ei heilt vanleg ordbok. Når dette er nemnt, må vi og seie at ingen blir rasande god i kommunikasjon av berre å bli flink i grammatikk. Vi må først og fremst kommunisere, og vere aktive både som sendar og mottakar. Midt i kommunikasjonshandlinga oppdagar vi så eit problem, då konsulterer vi grammatikken og får svar. Plutseleg er vi komne inn i den gode sirkelen. Etter at du har avslutta dette kurset, vil du få ein test. Karakteren på denne testen blir ført i dei språkfaga du har. Lykke til!

Mål for det tverrfaglege grammatikkurset

Du skal kjenne namnet på alle ordklassene og kunne sortere ord til rett klasse.

- 1 *Du skal kjenne dei omgrepa som blir brukt i heftet, t.d. alle formene av substantiv og tidene av verbet.*
- 2 *Du skal kunne analysere setningar. Arbeidsoppgåvene vil her vise vanskegraden.*
- 3 *Du skal kjenne dei ulike setningsomgrepa.*
- 4 *Du skal kunne bruke grammatikkunnskapen i samband med praktisk språkbruk. Arbeidsoppgåvene vil legge opp til at du får slik trening.*
- 5 *Du skal kunne samanlikne språkssystem og sjå likskapar og ulikskapar i dei språka du lærer.*

Kompetansemål henta frå læreplanane

- 1 *"Eleven skal kunne forklare grammatiske særtrekk ved norsk språk, sammenlignet med andre språk." (Læreplanen i norsk)*
- 2 *"Eleven skal kunne drøfte likheter og forskjeller mellom engelsk og andre fremmedspråk og utnytte dette i egen språklæring." (Læreplanen i engelsk)*
- 3 *"Eleven skal kunne undersøke likheter og ulikheter mellom morsmålet og det nye språket og utnytte dette i egen språklæring." (Læreplanen i framandspråk)*
- 4 *"Eleven skal kunne utnytte erfaringer med språklæring for å videreutvikle sin flerspråklighet." (Læreplanen i framandspråk)*

Dette samanliknande grammatikkurset er tenkt som eit intensivt kurs over to veker. Alle språklærarane arbeider parallelt og set sitt fag i fokus. Alle punkta bør gjennomgåast, men dei ulike språkfaga vil nok oppleve at tyngdepunktet bør leggjast litt ulikt. Det er viktig at alle punkt blir utfylte med arbeidsoppgåver slik at elevane får konkret øving. Det er nok viktig å tenke på at dette kurset er ein del av språkundervisninga di i Vg1, og at dette er ein basis som du trekkjer inn i alle relevante samanhengar seinare.

Terminologien treng ein kommentar. I 2005 gav Språkrådet og Utdanningsdirektoratet ut ei tilråding om grammatiske termar brukt i skuleverket. Utgangspunktet for denne tilrådinga er *Norsk referansegrammatikk* som kom ut i 1997. I samband med Kunnskapsløftet har vi fått nye planar og nye lærebøker i alle fag. Ein rask gjennomgang av terminologien i fleire av dei nye lærebøkene viser at den nye terminologien til dels er innført. Det tyder at vi ikkje vil finne heilt like termar og inndelingar i alle bøkene. Vi kan ikkje sjå at ordbøkene har teke i bruk den nye terminologien. I ein slik situasjon ser vi det som klokast å halde oss til tilrådinga frå Norsk språkråd og Utdanningsdepartementet. Dei gamle termane er nemnde i parentes der det er nødvendig.

Gode råd i samband med gjennomføringa av eit slikt kurs

Dette kurset vart gjennomført første gong ved Volda vidaregåande skule i september-oktober 2006. Etter at kurset var ferdig, vart opplegget evaluert av alle deltakarane, både lærarar og elevar. Denne evalueringa viser at det er nødvendig å kome med ein del presiseringar.

- 1 Kurset bør gjennomførast om hausten i Vg1. For dei fleste elevane blir då dette siste sjansje til å få ein samla gjennomgang av elementær grammatikk. Det er viktig å presisere dette, for det aukar motivasjonen.
- 2 Kurset bør gjennomførast i same periode i alle språkfaga. Dette gir ein synergieffekt og aukar også motivasjonen.
- 3 Dette kompendiet er berre eit utgangspunkt. Opplegget er heilt avhengig av at alle faga brukar gode og relevante arbeidsoppgåver som gjer at grammatikken viser seg å vere praktisk nyttig.
- 4 Det aukar motivasjonen til elevane når dei veit at dei skal ha ein samla test.
- 5 Testen må ligge på same nivå som arbeidsoppgåvene. I praksis betyr dette at kvar faggruppe må ha planlagt arbeidsoppgåver og test på førehand. Det er svært viktig at det er dei lærarane som underviser gruppene, som også lagar arbeidsoppgåvene og testen.
- 6 Testen blir avvikla samla for alle faga og samtidig i alle gruppene. Lærarane i kvar faggruppe har på førehand avtalt poeng- og karakterskala slik at alle elevane blir vurdert likt. Kvar lærar rettar sin del av testen og fører karakteren i sitt fag.
- 7 Alle lærarane bør ta utgangspunkt i norsk og så gå vidare i sitt fag. Dette er spesielt viktig for dei elevane som er nybegynnjarar i eit språk.
- 8 Det er viktig at ikkje kompendiet blir oppfatta som ei tvangstrøye for dei einskilde lærarane. Kvar faggruppe må bli samde om kvar dei skal legge fokus og så planlegge undervisning, oppgåver og test ut frå dette.
- 9 Elevane presiserer kor viktig det er at arbeidsoppgåvene er motiverande og gode.
- 10 Det er viktig at det er nok tid på testen. I Volda brukte vi 80 minutt på testen, dette var litt lite tid i forhold til arbeidsmengda. Dei fleste elevane skulle jo gjennomføre 3 deltestar.
- 11 Ein må jo også diskutere kor mykje tid ein skal bruke på dette opplegget. I Volda brukte vi 2 veker på undervisninga. Det vart då 8 norsktimar, 10 engelsktimar, 8 tysktimar og 8 fransktimar. Kvar elev fekk altså grammatikkundervisning i ca. 26 timar. Mange elevar sa på evalueringa at dei skulle hatt lenger tid, men lærargruppa finn ikkje det tilrådeleg. For læraren er det viktig å sjå kurset som ein del av fagundervisninga innafor læreplanen i Vg1. Ein gjer nok lurt i å hente fram att heftet med jamne mellomrom.
- 12 I Volda deltok 120 elevar og 16 lærarar i grammatikkopplegget. Det er viktig at ein person er peikt ut til å ha hovudansvar for å administrere gjennomføringa. Elles kan

bagatellar fort føre til rot og kaos.

Volda vidaregåande skule – haust 2008

Aase N. Digernes, Inge Kvamme, Ragnhild Oterholm, Oddrun Torvik, Morten Vinjevoll

Nye og gamle grammatiske nemningar

Som nemnt ovanfor er vi i eit tidsskifte når det gjeld ein del grammatiske nemningar.

ORDKLASSESYSTEMET	
Ordklasser	Kommentar
Determinativ	Dette ei stor klasse som inneheld ordtypar som tidlegare var plasserte i ulike andre ordklasser. Til denne gruppa høyrer: <ol style="list-style-type: none"> 1. Tidlegare eigedomspronomen 2. Tidlegare peikande pronomen 3. Tidlegare ubundne pronomen 4. Tidlegare talord (rekkejetal) og artiklar
Substantiv	Som før
Adjektiv	Som før, pluss ordenstal
Pronomen	Av det som kjem fram under determinativ, seier det seg sjølv at denne klassa er blitt mindre. Innhaldet i denne klassa er no: <ol style="list-style-type: none"> 1. Personlege pronomen 2. Resiprokt pronomen 3. Refleksivt pronomen 4. Spørjepronomen
Verb	Som før
Adverb	Som før
Konjunksjonar	Her står det no att berre få ord, det som tidlegare var jamstellande (sideordnande) konjunksjonar (<i>og, eller, men, for</i>).
Subjunksjonar	Denne klassa inneheld alle ord som innleier leddsetning. <ol style="list-style-type: none"> 1. Alle tidlegare underordnande konjunksjonar 2. Det tidlegare relativpronomenet <i>som</i> 3. Infinitivsmerket <i>å</i>
Interjeksjonar	Som før
Preposisjonar	Som før

TEMPUSSYSTEMET		
Gammal nemning	Ny nemning	Eksempel
Presens	Presens	reiser
Preteritum	Preteritum	reiste
Perfektum	Presens perfektum	har reist
Pluskvamperfektum	Preteritum perfektum	hadde reist
1. futurum	Presens futurum	skal reise
2. futurum	Presens futurum perfektum	skal ha reist
1. kondisjonalis	Preteritum futurum	skulle reise
2. kondisjonalis	Preteritum futurum perfektum	skulle ha reist

A ORDKLASSER

Morfologi handlar om ordklassene i språket, bøyningane og korleis ord blir laga. Vi skal konsentrere oss om ordklasser og bøying. Det er ti ordklasser. Først set vi opp ei samla liste over dei ulike klassene. Etterpå går vi litt nærare inn på kvar av dei.

ORDKLASSENE. EI KORTFATTA OVERSIKT	
Namn på ordklasse	Kommentar
1 DETERMINATIV	1. Ei, ein, eit. 2. Ein, to, tre, fire osv. 3. Ingen, alle, einkvan, andre, nokon, noko, ingen ting, begge, fleire. 4. Denne, desse, dette. 5. Min, din, sin, vår, dykkar, deira, hans, hennar.
2 SUBSTANTIV	1. Samnamn er ord vi kan sette ein, ei, eit framfor. Døme: jente, gut, hus, tanke, tid. 2. Særnamn: Ola, Kari, Volda, Tyskland.
3 ADJEKTIV	1. Beskriv substantivet nærare. Døme: god, dårleg, fin, blå. 2. Første, andre, tredje, fjerde, femte osv.
4 PRONOMEN	1. Personleg pronomen: eg, du, han, ho, det, vi, de, dei. 2. Resiprokt pronomen: kvarandre. 3. Refleksivt pronomen: seg. 4. Spørjepronomen: kven, kva, kva for ein.
5 VERB	Viser ei handling. Vi kan sette å framfor. Døme: hoppe, lese, danse.
6 ADVERB	1. Står til eit verb og karakteriserer dette nærare. Døme: høgt, svært, langt. Gradsadverb står til eit adjektiv eller adverb. Døme: svært høgt. 2. Setningsadverb modifierer innhaldet i heile setninga. Døme: ikkje, aldri, alltid, kanskje, sannsynlegvis.
7 KONJUNKSJONAR	Og, eller, men, for osv.
8 SUBJUNKSJONAR	Småord som innleier leddsetning eller infinitivssetning. Døme: å, som, at, når, då, dersom, viss, fordi.
9 INTERJEKSJONAR	Døme: Ja. Nei. Takk! Velkomen! Hei! Oj! Æsj! Faen!
10 PREPOSISJONAR	Dette er småord. Dei vanlegaste er: For, til, frå, over, under, mellom, gjennom, etter, på, utan, blant, i, av, hos, hjå, inni, oppi, framfor, bak, om.

1 DETERMINATIV

Determinativ bestemmer kva substantivet refererer til. Hit høyrer undergrupper:

EIGEDOMSORD Tidlegare eigedomspronomen. Døme: min, din osv.

PEIKEORD Tidlegare peikande pronomen. Døme: den, det, denne osv.

MENGDEORD Først og fremst tal og artiklar. Det som tidlegare vart kalla ubundne pronomen, høyrer også til her. Døme: ingen, alle, nokon.

Her gjer vi ei tverrfagleg samanlikning av eigedomsord og artiklar. Dei andre undergruppene blir ikkje behandla vidare.

1.1 EIGEDOMSORD

	NORSK	ENGELSK	TYSK	FRANSK	SPANSK
1. pers. sg.	min, mi, mitt, mine	my	mein	mon, ma, mes	mi, mis
2. pers. sg.	din, di, ditt, dine	your	dein	ton, ta, tes	tu, tus
3. pers. sg.	hans, sin hennar, si sitt (av og til dets)	his her its	sein ihr sein	son, sa, ses son, sa, ses	su, sus
1. pers. pl.	vår, vårt, våre	our	unser	notre, nos	nuestro, nuestra, nuestros, nuestra
2. pers. pl.	dykkar	your	euer	votre, vos	vuestro, vuestra, vuestros, vuestras
3. pers. pl.	deira	their	ihr	leur, leurs	su, sus

NORSK har fleire former i 1. og 2. pers.sg. og i 1. pers. pl. Det er kjønn og tal på substantivet som kjem etter som bestemmer val av form. *Min ball/ballen min, mi dokke/dokka mi, mitt hus/huset mitt.* På norsk kan eigedomsordet stå før substantivet eller etter substantivet. Dersom eigedomsordet står til slutt, må substantivet stå i i bunden form.

ENGELSK har berre ei form på kvar person. Engelsk har også eigedomsord i substantivisk form (tidlegare eigedomspronomen). Denne står åleine, altså ikkje framfor eit substantiv. Det heiter då t.d. *the boots are mine, the car is yours, the house is ours.*

TYSK har berre eitt ord på kvar person, men oftast vil eigedomsordet på tysk få ei ending. Denne endinga er bestemt av kjønn, tal og kasus på det substantivet som kjem etterpå. Det heiter t.d. *mein Mann* (m.), *meine Frau* (f.), *meine Kinder* (pl.).

FRANSK har fleire former på kvar person. Her er det også kjønn og tal på det etterfølgjande substantivet som bestemmer forma. Døme: *Mon frère* (m.), *ma soeur* (f.), *mes parents* (pl.). Til forskjjel frå norsk og tysk gjeld det også 3. pers. sg. Det heiter *son frère = hans bror* og *son frère = hennar bror*. Som engelsk har fransk også eigedomsord i substantivisk form.. Døme: *Ta*

voiture est rouge, et la mienne est bleue.

SPANSK har fleire former på kvar person, bestemt av det etterfølgjande substantivet. Eigeomsorda har alltid ei eintals- og fleirtalsform. Merk at *mi/mis, tu/tus, su/sus* har same form i hankjønn og hokjønn. Det heiter *tu amigo* og *tu amiga*. I 1. og 2. person fleirtal er det ulike former i hankjønn og hokjønn: *nuestro amigo* og *nuestra amiga*. Formene som vi syner her, er såkalla trykksvake former som står framfor eit substantiv. På spansk har vi også trykksterke former, men det kjem vi ikkje inn på her.

1.2 ARTIKLAR

Artiklane har ei ubunden og ei bunden form. Dei viser kjønnet på substantivet.

UBUNDEN ARTIKKEL				
	hankjønn (maskulinum)	hokjønn (femininum)	inkjekjønn (nøytrum)	fleirtal (pluralis)
NORSK	ein	ei	eit	
ENGELSK	a eller an, markerer altså ikkje kjønn			
TYSK	ein	eine	ein	
FRANSK	un	une		des
SPANSK	un	una		(unos (m.), unas (f.))

I ubunden form fleirtal nyttar ein ikkje artikkel i spansk. Formene *unos* og *unas* finst, men blir rekna som ubundne pronomenformer og betyr *nokre*. T.d. *unos amigos* (nokre vener).

BUNDEN ARTIKKEL				
	hankjønn (maskulinum)	hokjønn (femininum)	inkjekjønn (nøytrum)	fleirtal (pluralis)
NORSK	-en	-a	-et	Hovudregel: -ane (m.) -ene (f.) -a (n.)
ENGELSK	the	the	the	the
TYSK	der	die	das	die
FRANSK	le	la		les
SPANSK	el	la	lo	los (m.), las (f.)

Vi merkar oss at den norske artikkelen er etterstilt (*guten, jenta, huset, epla*). I dei andre fire språka står artikkelen føre substantivet (*the boy, der Mann, la fille la chica*). Merk at bunden artikkel på spansk har ulik form i hankjønn og hokjønn både i eintal og fleirtal.

2 SUBSTANTIV

Substantiv er namn på levande vesen, ting og omgrep. Vi har samnamn (*båt, gut, jente*) og særnamn (*Volda, Knut, Tyskland*). Substantiv har kjønn (genus): hankjønn, hokjønn og

inkjekjønn (maskulinum, femininum eller nøytrum). Substantiva har også ubunden og bunden form, samt eintal (singularis) og fleirtal (pluralis).

NORSK			
ubunden, eintal	bunden, eintal	ubunden, fleirtal	bunden, fleirtal
ein gut	guten	gutar	gutane
ei kvinne	kvinna	kvinner	kvinnene
eit hus	huset	hus	husa

Norsk har tre kjønn, og ulik bøying både i eintal og fleirtal.

ENGELSK			
ubunden, eintal	bunden, eintal	ubunden, fleirtal	bunden, fleirtal
a boy	the boy	boys	the boys
a woman	the woman	women	the women
a house	the house	houses	the houses
an apple	the apple	apples	the apples

Engelsk har berre eitt kjønn, men artikkelen er *an* når substantivet begynner på vokal. Fleirtalsending på engelsk er *-s*. Det finst nokre substantiv med uregelrett bøying som må lærast spesielt slik som *woman – women*.

TYSK			
ubunden, eintal	bunden, eintal	ubunden, fleirtal	bunden, fleirtal
ein Junge	der Junge	Jungen	die Jungen
eine Frau	die Frau	Frauen	die Frauen
ein Haus	das Haus	Häuser	die Häuser

Tysk har tre kjønn slik som norsk. Det er reglar for korleis ein skal vite kva kjønn eit tysk substantiv har. Dei tyske substantiva har ulike fleirtalsendingar slik som på norsk, og du bør lære deg desse reglane. Merk deg at alle tyske substantiv skal skrivast med stor bokstav.

FRANSK			
ubunden, eintal	bunden, eintal	ubunden, fleirtal	bunden, fleirtal
un garçon	le garçon	des garçons	les garçons
une femme	la femme	des femmes	les femmes

Fransk har to kjønn, hankjønn og hokjønn. Fransk merker seg dessutan ut med å ha artikkel i ubunden form fleirtal.

SPANSK			
ubunden, eintal	bunden, eintal	ubunden, fleirtal	bunden, fleirtal
un chico	el chico	chicos	los chicos
una chica	la chica	chicas	las chicas

Spansk har to kjønn, maskulinum og femininum.

Når vi samanliknar alle fem språka, ser vi at norsk er det einaste som har etterstilt bunden artikkel, døme: *guten, jenta*. Dei andre språka har den bestemte artikkelen føre substantivet, *the boy, die Dame, la fille, la chica*.

3 ADJEKTIV

3.1 BØJYINGA AV ADJEKTIVET

Eit adjektiv fortel noko om eit substantiv. Døme: ein *gamal* mann. Vi skal sjå på korleis adjektivet blir bøygd når det står til eit substantiv.

NORSK			
maskulinum	femininum	nøytrum	pluralis
ein stor gut	ei stor kvinne	eit stort hus	store hus
den store guten	den store kvinna	det store huset	dei store husa

Vi ser at adjektivet på norsk blir bøygd ulikt i ubunden og bunden form. Når adjektivet står til eit substantiv i ubunden form, er det kjønn og tal på substantivet som avgjer kva bøyingsending adjektivet skal ha.

På **ENGELSK** blir ikkje adjektivet bøygd når det står framfor eit substantiv. Det heiter a *big* boy, a *big* girl, the *big* house, the *big* houses.

TYSK			
maskulinum	femininum	nøytrum	pluralis
ein grosser Junge	eine grosse Frau	ein grosses Haus	grosse Häuser
der grosse Junge	die grosse Frau	das grosse Haus	die grossen Häuser

Vi ser at tysk også har to måtar å bøye adjektivet på når det står framføre eit substantiv. Desse to bøyingsmåtane blir kalla sterk og svak bøyning, og du vil lære meir om dette i tysktimane.

FRANSK		
maskulinum	femininum	pluralis
un grand garçon un homme actif	une grande femme une femme active	des garçons intelligents des femmes intelligentes
le grand garçon	la grande femme	les garçons intelligents

På fransk får ikkje adjektivet ending når det står til eit hankjønnsord. I hokjønn blir endinga *-e*, og i fleirtal *-s* eller *-es* alt etter om det er hankjønn eller hokjønn. Dei fleste adjektiv står etter substantivet.

SPANSK			
maskulinum sg.	femininum sg.	maskulinum pl.	femininum pl.
un chico guapo	una chica guapa	(los) chicos guapos	(las) chicas guapas
un libro interesante	una revista interesante	(los) libros interesantes	(las) revistas interesantes

Spanske adjektiv står vanlegvis etter substantivet. Dei skal bøyast i kjønn og tal etter substantivet eller pronomenet dei står til. Adjektiv som endar på *-o* i hankjønn, får *-a* i hokjønn. Dei fleste adjektiv som endar på anna vokal enn *-o* eller konsonant i hankjønn, får dei same formene i hokjønn. Nasjonalitetsadjektiv får *-a* i hokjønn (*español – española*). Fleirtalsform av adjektiv som endar på vokal som ikkje er *-í*, dannar vi ved å leggje til *-s*. Når adjektivet endar på konsonant eller *-í*, får vi fleirtal ved å leggje til *-es* (*azul – azules, marroquí – marroquíes*).

3.2 GRADBØYINGA AV ADJEKTIVET

Når noko er stort, veit vi at noko anna er større og størst. Denne bøyinga kallar vi gradbøyning, og alle dei aktuelle språka har det

	positiv	komparativ	superlativ
NORSK	fin interessant	finare meir interessant	finast mest interessant
ENGELSK	nice interesting	nicer more interesting	nicest most interesting
TYSK	schön interessant	schöner interessanter	der schönste der interessanteste
FRANSK	joli intéressant	plus joli plus intéressant	le plus joli le plus intéressant
SPANSK	guapo interesante	más guapo más interesante	el más guapo el más interesante

På norsk og engelsk blir alle korte adjektiv gradbøygde med ending (*finare/finast, nicer/nicest*). På tysk blir alle adjektiv gradbøygde med ending uvhengig om dei er lange eller korte. På fransk skjer gradbøyinga med eit omskrivingsord, *plus*. Dette blir også gjort på norsk og engelsk når adjektivet er langt (*meir interessant, more interesting*). På spansk skjer regelrett gradbøyning med omskrivingsordet *más*.

Vi har sett tidlegare at både norsk, tysk, fransk og spansk bøyer adjektivet etter kjønn og tal. Denne bøyinga blir også gjort når adjektivet i utgangspunktet er gradbøyggt. Døme:

NORSK *Den finaste guten, den finaste jenta, dei finaste husa.*
TYSK *Der schönste Mann, die schönste Dame, die schönsten Häuser.*
FRANSK *Le plus joli garçon, la plus jolie fille, les plus jolies maisons.*
SPANSK *El chico más guapo, la chica más guapa, las casas más guapas.*

Spansk har i tillegg forma absolutt superlativ eller elativ. *Då legg vi til endinga -ísimo, un chico guapísimo, una chica altísima.*

4 PRONOMEN

Dette er ord som vanlegvis erstattar eit substantiv eller representerer ein eller fleire personar. Her skal vi sjå nærare på personlege pronomen og spørjepronomen. Refleksivt pronomen (*seg*) og resiprok pronomen (*kvarandre*) vert ikkje vidare behandla.

4.1 PERSONLEGE PRONOMEN

Eit personleg pronomen blir oftast brukt til å erstatte eit substantiv. Døme: Paul er fransk. **Han** er fransk.

		subjekt	direkte objekt	indirekte objekt
NORSK	1. pers. sg.	eg	meg	meg
	2. pers. sg.	du	deg	deg
	3. pers. sg.	han/ho/det	han/henne/det	han/henne/det
	1. pers. pl.	vi	oss	oss
	2. pers. pl.	de	dykk	dykk
	3. pers. pl.	dei	dei	dei
ENGELSK	1. pers. sg.	I	me	
	2. pers. sg.	you	you	
	3. pers. sg.	he/she/it	him/her/it	
	1. pers. pl.	we	us	
	2. pers. pl.	you	you	
	3. pers. pl.	they	them	
TYSK	1. pers. sg.	ich	mich	mir
	2. pers. sg.	du	dich	dir
	3. pers. sg.	er/sie/es	ihn/sie/es	ihm/ihr/ihm
	1. pers. pl.	wir	uns	uns
	2. pers. pl.	ihr	euch	euch
	3. pers. pl.	sie	sie	ihnen
FRANSK	1. pers. sg.	je	me	me
	2. pers. sg.	tu	te	te
	3. pers. sg.	il/elle	le/la	lui
	1. pers. pl.	nous	nous	nous
	2. pers. pl.	vous	vous	vous
	3. pers. pl.	ils/elles	les	leur
SPANSK	1. pers. sg.	yo	me	me
	2. pers. sg.	tú	te	te
	3. pers. sg.	él/ella/usted	lo(le)/la	le
	1. pers. pl.	nosotros/nosotras	nos	nos
	2. pers. pl.	vosotros/vosotras	os	os
	3. pers. pl.	ellos/ellas/ustedes	los/las	les

Fransk trykksterk form:

moi, toi, lui/elle (eintal) og *nous, vous, eux/elles* (fleirtal)

Spansk preposisjonsform:

mí, ti, él/ella/usted (eintal) og *nosotros/nosotras, vosotros/vosotras, ellos/ellas/ustedes* (fleirtal)

4.2 SPØRJEPRONOMEN

NORSK	ENGELSK	TYSK	FRANSK	SPANSK
kven kva kva for ein/ei/eit/nokre	who what which	wer was was für ein welcher	qui que	quién/quienes qué cuál/cuáles

På norsk er *kven* og *kva* utan bøyning. *Kva for ein / ei / eit / nokre* blir bøygd i kjønn og tal.

På tysk er *was* ubøyeleg. Dei andre blir bøygd i både kjønn, tal og kasus.

På fransk er *qui* og *que* ikkje bøygd.

På spansk er spørjepronomenet *qué* ubøyeleg, medan *quién* og *cuál* har ulike former i eintal og fleirtal. Spørjeord på spansk skal alltid skrivast med aksent.

5 VERB

Det gamle norske namnet på verb var gjerningsord. Verbet uttrykker altså ei gjerning, ei handling. Nemneforma på verbet kallar vi infinitiv, og det er denne forma vi finn i ordlista. Før infinitiven kan vi setje eit infinitivsmerke, men ikkje på spansk.

NORSK	ENGELSK	TYSK	FRANSK	SPANSK
å vere	to be	zu sein	être (d'être, à être)	ser
å ha	to have	zu haben	avoir (d'avoir, à avoir)	tener

5.1 PERSONBØYING

Verbet blir bøygt i ulike tider. Det er svært viktig at du lærer deg dette systemet. Det skal vi kome tilbake til om ei stund. Først skal vi sjå på den bøyinga vi kallar personbøyning. Det betyr at verbet får ulik form alt etter kven som er subjekt i setninga.

	NORSK	ENGELSK	TYSK	FRANSK	SPANSK
1. pers. sg.	eg er eg har	I am I have	ich bin ich habe	je suis j'ai	(yo) soy (yo) tengo
2. pers. sg.	du er du har	you are you have	du bist du hast	tu es tu as	(tú) eres (tú) tienes
3. pers. sg.	han/ho/det er han/ho/det har	he/she/it is he/she/it has	er/sie/es ist er/sie/es hat	il/elle est il/elle a	(él/ella/usted) es (él/ella/usted) tiene

Fleirtalsforma finn du på neste side.

	NORSK	ENGELSK	TYSK	FRANSK	SPANSK
1. pers. pl.	vi er vi har	we are we have	wir sind wir haben	nous sommes nous avons	(nosotros/nosotras) somos (nosotros/nosotras) tenemos
2. pers. pl.	de er de har	you are you have	ihr seid ihr habt	vous êtes vous avez	(vosotros/vosotras) sois (vosotros/vosotras) tenéis
3. pers. pl.	dei er dei har	they are they have	sie sind sie haben	ils/elles sont ils/elles ont	(ellos/ellas/ustedes) son (ellos/ellas/ustedes) tienen

Vi ser at det er berre norsk som ikkje har personbøying av *å vere* og *å ha*. Dei andre språka har her bøying, og vi må pugge rekkene for å ha oversikt. Her kjem eit døme på personbøying av eit vanleg verb i presens:

	NORSK	ENGELSK	TYSK	FRANSK	SPANSK
1. pers. sg.	eg meiner	I think	ich meine	je pense	(yo) pienso
2. pers. sg.	du meiner	you think	du meinst	tu penses	(tú) piensas
3. pers. sg.	han/ho/det meiner	he/she/it thinks	er/sie/es meint	il/elle pense	(él/ella/usted) piensa
1. pers. pl.	vi meiner	we think	wir meinen	nous pensons	(nosotros/nosotras) pensamos
2. pers. pl.	de meiner	you think	ihr meint	vous pensez	(vosotros/vosotras) pensáis
3. pers. pl.	dei meiner	they think	sie meinen	ils/elles pensent	(ellos/ellas/ustedes) piensan

Konklusjonen på dette skjemaet blir: Norsk har ikkje personbøying. Engelsk markerer 3. pers. sg. Det betyr at her må du hugse *s*-ending. Både tysk, fransk og spansk har personbøying, så her må du lære deg bøyingsrekka.

5.2 TIDENE AV VERBET

I dette avsnittet vil vi ha fokus på norsk, engelsk og tysk. Fransk og spansk er såpass ulike dei andre språka når det gjeld verbsystemet, at dette blir behandla for seg. Det er svært viktig at du veit å skilje svake og sterke verb.

- SVAKE VERB** Verb som får ending i preteritum, kallar vi svake.
Døme: å meine – meinte, å danse – dansa, å sy – sydde.
- STERKE VERB** Verb som ikkje har ending i preteritum, er sterke.
Døme: å gå – gjekk, å sitje – sat.

Vi kan også seie at dei svake verba er regelrette og dei sterke verba er uregelrette. I engelsk og tysk må du lære dei sterke verba spesielt. Du finn dei i eigne lister i ordbøkene. Du vil oppdage at mange av dei verba som er sterke på norsk, også er det på tysk og engelsk.

BØYING AV SVAKE VERB					
	presens	preteritum	presens perfektum	preteritum perfektum	presens futurum
NORSK	ho lærer	ho lærte/lærde	ho har lært	ho hadde lært	ho skal lære
	han stoppar	han stoppa	han har stoppa	han hadde stoppa	han skal stoppe
ENGELSK	she learns	she learned	she has learned	she had learned	she will learn
	he stops	he stopped	he has stopped	he had stopped	he will stop
TYSK	sie lernt	sie lernte	sie hat gelernt	sie hatte gelernt	sie wird lernen
	er stoppt	er stoppte	er hat gestoppt	er hatte gestoppt	er wird stoppen

BØYING AV STERKE VERB					
	presens	preteritum	presens perfektum	preteritum perfektum	presens futurum
NORSK	ho skriv	ho skreiv	ho har skrive	ho hadde skrive	ho skal skrive
	han finn	han fann	han har funne	han hadde funne	han skal finne
ENGELSK	she writes	she wrote	she has written	she had written	she will write
	he finds	he found	he has found	he had found	he will find
TYSK	sie schreibt	sie schrieb	sie hat geschrieben	sie hatte geschrieben	sie wird schreiben
	er findet	er fand	er hat gefunden	er hatte gefunden	er wird finden

Lær deg desse nemningane:

Det er svært viktig at du lærer deg kva tidene heiter og korleis dei er oppbygde. Presens og preteritum er enkle former. Dei har berre **hovudverb**. Dei andre tidene har hjelpeverb og hovudverb. Når ei tid har både hovudverb og **hjelpeverb**, er det hjelpeverbet som er bøygt. Det bøygte verbet kallar vi **finitt verbal** når vi analyserer.

5.3 TIDENE AV VERBET PÅ FRANSK

Fransk har tre grupper med regelrette verb, og kvar gruppe har sitt eige bøyingsmønster. Du må lære mønsteret i kvar gruppe. Gruppene ser slik ut:

	parler (å snakke)	finir (å avslutte)	répondre (å svare)
stamme	parl	fin	répond
infinitivsending	-er	-ir	-re

GRUPPE 1: PARLER	présent	passé composé	imparfait	futur proche = aller + infinitiv
1. pers. sg.	je parle	j'ai parlé	je parlais	je vais parler
2. pers. sg.	tu parles	tu as parlé	tu parlais	tu vas parler
3. pers. sg.	il/elle parle	il/elle a parlé	il/elle parlait	il/elle va parler
1. pers. pl.	nous parlons	nous avons parlé	nous parlions	nous allons parler
2. pers. pl.	vous parlez	vous avez parlé	vous parliez	vous allez parler
3. pers. pl.	ils/elles parlent	ils/elles ont parlé	ils/elles parlaient	ils/elles vont parler

GRUPPE 2: FINIR	présent	passé composé	imparfait	futur proche = aller + infinitiv
1. pers. sg.	je finis	j'ai fini	je finissais	je vais finir
2. pers. sg.	tu finis	tu as fini	tu finissais	tu vas finir
3. pers. sg.	il/elle finit	il/elle a fini	il/elle finissait	il/elle va finir
1. pers. pl.	nous finissons	nous avons fini	nous finissions	nous allons finir
2. pers. pl.	vous finissez	vous avez fini	vous finissiez	vous allez finir
3. pers. pl.	ils/elles finissent	ils/elles ont fini	ils/elles finissaient	ils/elles vont finir

GRUPPE 3: RÉPONDRE	présent	passé composé	imparfait	futur proche = aller + infinitiv
1. pers. sg.	je réponds	j'ai répondu	je répondais	je vais répondre
2. pers. sg.	tu réponds	tu as répondu	tu répondais	tu vas répondre
3. pers. sg.	il/elle répond	il/elle a répondu	il/elle répondait	il/elle va répondre
1. pers. pl.	nous répondons	nous avons répondu	nous répondions	nous allons répondre
2. pers. pl.	vous répondez	vous avez répondu	vous répondiez	vous allez répondre
3. pers. pl.	ils/elles répondent	ils/elles ont répondu	ils/elles répondaient	ils/elles vont répondre

I tillegg har fransk grupper med uregelretteverb som har egne bøyingsmønster som må lærast for kvart verb.

5.4 TIDENE AV VERBET PÅ SPANSK

Spansk har tre grupper med regelrette verb, og kvar gruppe har sitt eige bøyingsmønster. Du må lære mønsteret i kvar gruppe. Gruppene ser slik ut:

	hablar (å snakke)	comer (å ete)	vivir (å leve, bu)
stamme	habl	com	viv
infinitivsending	-ar	-er	-ir

GRUPPE 1: HABLAR	presente	pretérito perfecto	pretérito indefinido	framtid (ir + a + infinitiv)
1. pers. sg. (yo)	hablo	he hablado	hablé	voy a hablar
2. pers. (tú)	hablas	has hablado	hablaste	vas a hablar
3. pers. sg. (él/ella/usted)	habla	ha hablado	habló	va a hablar
1. pers. pl. (nosotros/nosotras)	hablamos	hemos hablado	hablamos	vamos a hablar
2. pers. pl. (vosotros/vosotras)	habláis	habéis hablado	hablasteis	vais a hablar
3. pers. pl. (ellos/ ellas/ustedes)	hablan	han hablado	hablaron	van a hablar

GRUPPE 2: COMER	presente	pretérito perfecto	pretérito indefinido	framtid (ir + a + infinitiv)
1. pers. sg. (yo)	como	he comido	comí	voy a comer
2. pers. sg. (tú)	comes	has comido	comiste	vas a comer
3. pers. sg. (él/ella/usted)	come	ha comido	comió	va a comer
1. pers. pl. (nosotros/nosotras)	comemos	hemos comido	comimos	vamos a comer
2. pers. pl. (vosotros/vosotras)	coméis	habéis comido	comisteis	vais a comer
3. pers. pl. (ellos/ ellas/ustedes)	comen	han comido	comieron	van a comer

GRUPPE 3: VIVIR	presente	pretérito perfecto	pretérito indefinido	framtid (ir + a + infinitiv)
1. pers. sg. (yo)	vivo	he vivido	viví	voy a vivir
2. pers. sg. (tú)	vives	has vivido	viviste	vas a vivir
3. pers. sg. (él/ella/usted)	vive	ha vivido	vivió	va a vivir
1. pers. pl. (nosotros/nosotras)	vivimos	hemos vivido	vivimos	vamos a vivir
2. pers. pl. (vosotros/vosotras)	vivís	habéis vivido	vivisteis	vais a vivir
3. pers. pl. (ellos/ ellas/ustedes)	viven	han vivido	vivieron	van a vivir

I tillegg har spansk ei rekkje uregelrette verb med egne bøyingsmønster som må lærast for kvart verb.

6 ADVERB

Eit adverb knyter seg til verbet og fortel noko om tid, stad, retning, måte, grad, årsak. Spørjeadverb brukar vi i spørsmål om tid, stad, måte, årsak. Setningsadverba seier noko om heile setninga. Dei kan nekte, gjere innhaldet tvilsamt eller skråsikkert. Vi seier at dei modifierer setningsinnhaldet.

Døme på adverb:

	NORSK	ENGELSK	TYSK	FRANSK	SPANSK
tidsadverb	no, ofte, snart	now, often, soon	jetzt, oft, bald	maintenant, souvent, bientôt	ahora, a menudo, pronto
stadsadverb	her, der, oppe, nede	here, there, up, down	hier, dort, oben, unten	ici, là, en haut, en bas	aquí, allí, arriba, abajo
måtesadverb	fort, sakte, bra	fast, slowly, well	schnell, langsam,	vite, lentement, bien	rápidamente, despacio, bien
gradsadverb	svært, lite, mykje	very, little, much	sehr, wenig, viel	très, peu, beaucoup	muy, poco, mucho
spørjeadverb	når, kvar, kvifor, korleis	when, where, why, how	wann, wo, warum, wie	quand, où, pourquoi, comment	cuándo, dónde, por qué, cómo
setningsadverb	ikkje, kanskje, sikkert	not, perhaps, sure	nicht, vielleicht, bestimmt	ne pas, peut-être, sûrement	no, quizá(s), seguramente

Adverba blir ikkje bøygde i kjønn og tal, men nokre kan gradbøyast slik som adjektiv.

7 KONJUNKSJONAR

Dette er ei svært avgrensa ordklasse. Konjunksjonane blir brukte til å binde saman jamstelte setningar. Konjunksjonar blir aldri bøygde. Døme: Nokre kjem, og andre går. Vi trudde han gjekk, men han vart verande.

Døme på konjunksjonar:

NORSK	ENGELSK	TYSK	FRANSK	SPANSK
og, eller, men, for	and, or, but, for	und, oder, aber, denn, sondern	et, ou, mais, car	y, o, pero

8 SUBJUNKSJONAR

Subjunksjonane innleier oftast ei leddsetning. Det er lurt å lære seg dei mest brukte i kvart språk, for det er svært nyttig å oppdage leddsetningane. Det skal vi kome tilbake til i dei neste

kapitla. Døme (leddsetninga er understreka, og subjunksjonen er utheva):

- NORSK** Han opna vinduet fordi det var så varmt.
Eg veit at du skal på kino i kveld.
- ENGELSK** Because I did not feel well I did not play the match.
If you eat too much you will be sick.
- TYSK** Dass er heute kommt, steht fest.
Hans kam nicht in die Schule, weil er krank war.
- FRANSK** Je sais que Paul est à Paris.
Je vais à Paris parce que j'adore la France.
- SPANSK** Pedro no viene porque está enfermo.
Dice que está enfermo.

Subjunksjonane blir ikkje bøygde. Eitt unntak er subjunksjonen **som**. Denne innleier alltid relativsetningar og peikar tilbake på eit substantivisk ledd som står tidlegare i heilsetninga. Bøyinga er ulik i dei fem språka.

I tabellen finn du subjunksjonen **som** på dei andre språka:

ENGELSK	TYSK	FRANSK	SPANSK
who står som subjekt og blir brukt om personar.	der peikar tilbake på hankjønnsord.	qui står som subjekt i relativsetninga.	que vert brukt om personar og ting.
whom står som objekt og blir brukt om personar.	die peikar tilbake på hokjønnsord og fleirtalsord.	que står som objekt i relativsetninga.	quien vert brukt berre om personar.
which blir ikkje bøygd, viser tilbake til ting og dyr.	das peikar tilbake på inkjekjønnsord.		
whose er eigeform.	Subjunksjonane der/ die/ das blir også bøygde i kasus.		
that blir ikkje bøygd, blir brukt om både personar og ting i nødvendige relativsetningar.			

9 INTERJEKSJONAR

Interjeksonane er ord av mange slag. Dei uttrykker glede (*Hurra!*), vonbrot (*Æsj!*), smerte (*Au!*) og andre kjensler. Svarorda *ja* og *nei* høyrer også hit. Faste vendingar (*God dag! Velkommen!*) er også interjeksjonar. Det same er kraftuttrykk og banning (*Dæven! Faen!*). Eit godt tverrfagleg grammatikkråd er at du skal vere forsiktig med å bruke interjeksjonar som kraftuttrykk og banning på eit framandt språk. Her er kodane vanskelege, og det er fort gjort å bli til latter eller å fornærme nokon. Og det er jo sjeldan føremålet i ei kommunikasjonshandling.

10 PREPOSISJONAR

Preposisjonar er småord som står saman med substantiv, pronomen eller infinitiv. Dei er ubøygde i alle dei fem aktuelle språka. Norske døme: for, til, over, ved sida av, gjennom, utan. Han kørde **over brua**. Dei stod **ved sida av vegen**. Ho gjekk **utan å nøle**. Han sa det **til henne**.

Preposisjonen pluss utfyllinga kallar vi preposisjonsfrasar. Sjå uthevinga ovanfor. Det er oftast vanskeleg å omsetje preposisjonsfrasar frå eitt språk til eit anna. Difor set vi berre opp ei liste med døme på preposisjonar i dei ulike språka:

NORSK	ENGELSK	TYSK	FRANSK	SPANSK
i	in	in	dans	en
på	on	auf	sur	en
bak	behind	hinter	derrière	detrás
mellom	between	zwischen	entre	entre

På tysk krev preposisjonane litt ekstra merksemd fordi dei styrer ulike kasus. Dette vil du lære meir om i tysktimane. Døme:

NOMINATIV **Der Wagen** ist schön (Bilen er fin). Der Wagen er her subjekt og står i nominativ.

AKKUSATIV Ich denke **an den Wagen** (Eg tenker på bilen). An er preposisjon som her styrer akkusativ, og då må vi velje akkusativforma den Wagen.

DATIV Ich sitze **in dem Wagen**. (Eg sit i bilen.) Preposisjonen in styrer her dativ, og då må vi velje dativforma dem Wagen. Kasusformene kjem berre til syne i formene av derminativet.

EIT LITE MELLOMSPEL: KASUS

I avsnittet for personleg pronomen såg vi at alle dei fem språka har ulike former alt etter om pronomenet står som subjekt eller direkte objekt. Tysk, fransk og spansk har ei tredje form for indirekte objekt. Vi seier at personleg pronomen då har fleire kasus. Kva er så kasus? Enkelt kan vi seie at kasus er ein merkelapp på pronomen eller substantiv som viser oss om ordet står som subjekt eller objekt i ei setning. Sagt med andre ord: Kasus fortel kva funksjon substantiv eller pronomen har i setninga.

Tysk er det språket av desse fire der kasus er mest omfattande. Tysk har fire kasus. Dei heiter nominativ, akkusativ, dativ og genitiv. Norrønt har også fire kasus slik som tysk. Nokre norske dialektar har også aktiv bruk av kasus i substantiv.

Døme på tysk: *Ich kenne **den Jungen**.*

Kvifor heiter det ikkje der Junge slik som vi lærte under avsnittet om substantiv? Grunnen er at her er guten direkte objekt, og leddet skal då stå i akkusativ. Då blir artikkelen forandra frå *der* til *den*. Dersom vi erstattar substantivet med personleg pronomen, må vi velje forma for direkte objekt, altså *ihn*. Ich kenne ihn. I tysktimane vil du lære eigne kasusskjema som er lette å finne fram i når du først har forstått systemet.

I neste kapittel av dette kurset lærer du å analysere setningar. Det er nødvendig for å sjå kva som er subjekt, objekt osv.

B LÆR DEG Å ANALYSERE

I kapittel A lærte du deg å sortere ord i ti ulike grupper som vi kallar ordklasser. Dette er dei ulike ordkategoriane. Vi kan seie at dei er det byggematerialet vi har bruk for når vi skal produsere setningar. Når orda er plasserte i setningar, har dei fått ei rolle, ein funksjon, i setninga. Setningsledda (altså rollene) i ei setning heiter: subjekt, verbal, direkte objekt, indirekte objekt, predikativ og adverbial. Døme: Substantivet *jenta* kan spele ulike roller i ulike setningar. I setninga *Jenta bur i Ørsta* er *jenta* subjekt. I setninga *Faren køyrde jenta til Ørsta* er *jenta* direkte objekt. Vi skal og vere merksam på at eit setningsledd kan bestå av frasar og leddsetningar, ikkje berre enkle ord.

Å finne verbal, subjekt, direkte objekt, indirekte objekt og adverbial

Dersom du synest det er vanskeleg å analysere setningar, altså finne setningsledda, er det lurt å lære seg ei oppskrift. Det er vanleg å bruke forkortingar når vi analyserer:

S	subjekt
V	verbal
DO	direkte objekt
IO	indirekte objekt
A	adverbial

Analysér setninga: *Mora sende sonen ei fin gåve til bursdagen.*

Oppskrift:

- 1 Finn verbalet. Det er alltid eit verb eller eit samansett verb.
- 2 Kven + V = S
- 3 Kva + V + S = DO
- 4 Kven + V + S + DO (til) = IO
- 5 Når, kvar, kvifor, korleis + V + S + IO + DO = A

Vi brukar denne oppskrifta på setninga ovanfor.

- 1 V = sende
- 2 Kven sende? Svar: mora = S
- 3 Kva sende mora? Svar: ei fin gåve = DO
- 4 Kven sende mora ei fin gåve til? Svar: sonen = IO
- 5 Når sende mora sonen ei fin gåve? Svar: til bursdagen = A

Å finne predikativ

Setningsleddet predikativ treng nærare forklaring. Dersom hovudforma av verbalet er eit såkalla usjølvtendig verb, blir svaret på spørsmål 3 ikkje direkte objekt, men predikativ. Dei usjølvtendige verba må du kunne, dei er ikkje mange. Dei viktigaste usjølvtendige verba er: *vere, verte, bli, heite, synast, kallast*.

Analysér denne setninga: *Han er glad.*

V = er

Kven er? Svar: han = S

Kva er han? Svar: glad = predikativ, fordi er er presens av det usjølvtendige verbet vere.

Å finne setningsadverbial

Setningsadverbialet fortel noko om heile setningsinnhaldet, og det står oftast midt i setninga. Her kan vi ikkje lage spørsmål for å få svar på kva ord det gjeld. Døme:

Han kjem *kanskje* i morgon.
Ho kan *ikkje* kome før søndag.
Dei vil *sannsynlegvis* dukke opp før tida.
Det vil *aldri* skje.

Eit setningsledd kan bestå av ein frase

Sjå på denne setninga:

Den snille, søte hundekvalpen, fekk ein god og trygg heim hos familien Grevle.

Når vi brukar spørjelista ovanfor, får vi dette resultatet:

den snille, søte hundekvalpen = S

ein god og trygg heim = DO

hos familien Grevle = A

Alle desse setningsledda består av frasar. Subjektet og det direkte objektet er substantivfrasar. Adverbialet er ein preposisjonsfrase. Frasane tilhøyrer kategoriane i språket og kan altså ha same setningsfunksjon som ord.

Eit setningsledd kan vere ei heil setning (= leddsetning)

Sjå på denne setninga:

*Fordi fotballkampen begynner om eit kvarter,
seier eg at du må kome deg ned på stadion med det same.*

Vi brukar spørjeskjemaet:

V = seier

Kven seier? Svar: eg = S

Kva seier eg? Svar: at du må kome deg ned på stadion med det same = DO

Kvifor seier eg at du må kome ned på stadion med det same? Svar: fordi fotballkampen begynner om eit kvarter = A

Her ser vi at både det direkte objektet og adverbialet er setningar og samtidig setningsledd. Dei heiter difor leddsetning. Leddsetningar har også subjekt, verbal og andre setningsledd og kan analyserast vidare for seg. På tysk er det nødvendig for å få rett kasus. Leddsetningar blir alltid innleide med ein subjunksjon, og er difor lett å få auge på dersom du kjenner dei mest brukte subjunksjonane i dei ulike språka. Her er ei liste som kan hjelpe deg eit stykke på veg:

NORSK	ENGELSK	TYSK	FRANSK	SPANSK
at	that	dass	que	que
då	when	als	quand	cuando
når	when	wenn, wann	quand	cuando
dersom	if	wenn	si	si
fordi	because	weil	parce que	porque
som	who, that, which	der, die, das	qui, que	que
før	before	bevor/ehe	avant que	antes de (que)
medan	while	während	pendant que	mientras (que)

C SETNINGAR og ORDSTILLING

1 SETNINGAR

Ein tekst som står mellom to store skiljeteikn, kallar vi ei **YTRING**. Store skiljeteikn er punktum, spørsmålsteikn og utropsteikn. Ytringar deler vi i to hovudgrupper:

SETNINGAR Ei setning må ha både subjekt og verbal.

Heilsetningar er fullstendige setningar som har minimum subjekt og verbal og kan stå åleine. Døme: *Eg lo*. Ei heilsetning kan ha ei eller fleire leddsetningar. Døme på heilsetningar: *Eg lo da han datt. Eg lo da han datt fordi han var så morosam*. Heilsetningar kan vere forteljande (*Du kom i går.*) eller spørjande (*Kom du i går?*).

Leddsetningar er ledd i ei anna setning. Desse setningane blir oftast innleidde av ein subjunksjon. Leddsetningar som begynner med subjunksjonane *at* eller *om*, er substantiviske og står som subjekt eller objekt i setninga. Døme: *Han spurde om eg kom. Eg sa at eg vart litt sein. At han er snill, er sant*. Leddsetningar som begynner med *som*, er del av eit ledd. I denne heilsetninga er som-setninga ein del av subjektet: *Guten som står der, kjenner eg godt*. I praksis kan vi seie at leddsetningar som begynner med andre subjunksjonar enn dei som er nemnde ovanfor, er adverbiale. Dei fungerer som adverbial når du analyserer.

SETNINGS-FRAGMENT

Dette er ytringar som manglar eitt eller fleire ledd på å bli ei setning. Døme: *Drept med øks. Hei!* Termen setningsfragment erstattar den tidlegare termen setningsemne. I praktisk tekstarbeid har det også vore vanleg å kalle setningsfragment for usjølvtendige setningar eller ufullstendige setningar.

Imperativsetningar eller bydesetningar er eigentleg setningsfragment fordi dei manglar subjekt. Døme: *Kom hit med ein gong!*

I praktisk skrivearbeid har du stor nytte av å kjenne desse omgrepa. Her er ei liste over moment som er svært nyttige når du skriv på norsk:

- 1 I resonnerande framstilling er det berre fullstendige setningar som er godkjent. I ein artikkel kan du altså ikkje bruke setningsfragment.
- 2 Kunnskap om leddsetningar treng du når du skal setje komma. Dersom leddsetninga står først i ei heilsetning, skal det vere komma. *Då klokka ringde, gjekk alle inn*. Dersom leddsetninga står til slutt, skal det ikkje vere komma. *Alle gjekk inn då klokka ringde*.
- 3 Som-setningar som ikkje er nødvendige grammatisk sett, skal skiljast ut med komma. *Ringenes Herre, som er den flottaste filmen eg har sett, går i reprise denne veka*.
- 4 Mellom jamstelte setningar skal det vere komma. *Eg vil kjøpe mobiltelefon i dag, og neste månad får eg kanskje råd til eit par nye sko. Ho seier at du skal kome klokka åtte, og at dei andre venene kjem i ti-tida*.

På tysk er det dessutan svært viktig at du ser kva som er leddsetningar, for der er ordstillinga ei anna enn i heilsetningar.

2 ORDSTILLING

Alle dei fem språka som vi studerer her, er såkalla SVO-språk. Det betyr at den vanlege leddrekkefølga er subjekt (S) + verbal (V) + objekt (O). Vi kan setje setningar inn i eit skjema som viser dette:

	FORFELT	MIDTFELT		SLUTTFELT
	subjekt	verbal	objekt	
NORSK	Eg	kjøpte	ei bok	i Ålesund
ENGELSK	I	bought	a book	in Ålesund
TYSK	Ich	kaufte	ein Buch	in Ålesund
FRANSK	J'	ai acheté	un livre	à Ålesund
SPANSK	Yo	compré	un libro	en Ålesund

Vi ser her at ordstillinga i ei slik setning ikkje skaper særlege problem når vi lærer engelsk, tysk, fransk og spansk.

I alle fem språka er det slik at eit ledd som står i slutfeltet lett kan flyttast fram til forfeltet. Då skjer det visse endringar når vi samanliknar språka. På norsk og tysk ser vi at verbalet og subjektet har skifta plass i forhold til den opphavlege setninga der subjektet står først (sjå første tabell). På engelsk og fransk er det ikkje slik (sjå neste tabell). Der står subjekt og verbal i same stilling som i utgangspunktet. Ein vanleg feil i tysk er at ein brukar engelsk ordstilling når ikkje subjektet står først i setninga. Her bør du hugse at norsk og tysk har same systemet. Vi ser at spansk skil seg ut fordi her kan du bruke begge typar ordstilling.

	FORFELT	MIDTFELT			SLUTTFELT
		verbal	subjekt	objekt	
NORSK	I Ålesund	kjøpte	eg	ei bok	
TYSK	In Ålesund	kaufte	ich	ein Buch	
SPANSK	En Ålesund	compré	yo	un libro	

	FORFELT	MIDTFELT			SLUTTFELT
		subjekt	verbal	objekt	
ENGELSK	In Ålesund	I	bought	a book	
FRANSK	À Ålesund,	j'	ai acheté	un livre	
SPANSK	En Ålesund	yo	compré	un libro	

Når du skriv, har du nytte av å tenke litt på setningskjema, særleg bør du ha eit medvite forhold til forfeltet. Her har du store variasjonsmoglegheiter fordi svært mange leddtypar kan stå her:

*Eg kjøpte ei bok i Ålesund i går.
 I går kjøpte eg ei bok i Ålesund.
 I Ålesund kjøpte eg ei bok i går.
 Ei bok kjøpte eg i Ålesund i går.*

Pass elles på at ikkje ei setning har mange ledd framfor det finitte verbalet, altså eit langt forfelt. Då blir den oppfatta som tung: *Når du kjem til middag hos meg i morgon og likevel skal gå gjennom byen fordi det er den kortaste vegen, **kan** du like så godt gå innom blomsterbutikken og kjøpe nokre vakre blomar til bordet.*

OBS! Ordstilling i tyske leddsetningar

Det er viktig at du her kjenner skilnaden på norsk og tysk.

NORSK	TYSK
Han seier at bilen er øydelagd.	Er sagt, dass das Auto kaputt ist .
Når du kjem heim, må du ringe til faren din.	Wenn du nach Hause kommst , musst du deinen Vater anrufen.
Fordi eg har gjort leksene, kan eg gå på kino.	Weil ich die Hausaufgaben gemacht habe , kann ich ins Kino gehen.

På tysk står verbalet til slutt i leddsetningar. Dersom det er samansett tid, står det finitte verbalet (hjelp verbet) heilt til slutt.

SLUTTORD

Du har no fått ein systematisk gjennomgang av sentrale grammatiske emne der vi har samanlikna engelsk og framandspråk med norsk. Du bør ha dette heftet som eit oppslagsverk ei tid framover til du er trygg på terminologien. Grammatikk er eit hjelpemiddel når vi skal snakke om språk og tekst. Skal vi ha nytte av grammatikk, må vi vite kva vi skal bruke han til. Å bruke litt større ordbøker utan å kunne ordklasser og bøyingsmønster, er t.d. nesten umogleg.

I norsk vil du måtte tolke og analysere ulike typar tekstar. I slike tilfelle har du bruk for eit språk om språket. Du skal også studere ulike talemål. Det er t.d. slik at unge og gamle, jenter og gutar snakkar ulikt. Skal du greie å seie noko om desse skilnadene, er du hjelpelaus utan grammatisk kunnskap. Kan du t.d. beskrive kva som kjenneteiknar sms-tekstane dine samanlikna med skriftlege skularbeid?

Du treng også eit språk om språket når du skal diskutere dine eigne skriftlege produkt med lærar eller medelevar uavhengig av kva språk du skriv. I framandspråk vil du oppleve at grammatikk er nødvendig for å få til korrekt språkbruk, spesielt når det gjeld tysk, spansk og fransk. Engelsk har du nok lært mykje ved å lese og høyre. Når du skal skrive, treng du ofte ein annan tilnæringsmåte for at språket skal bli godt. Det er t.d. ganske dumt å blande saman **his** og **he's** eller **its** og **it's**. Kan du forresten beskrive forskjellen?

LYKKE TIL!